



Kunnskapsdepartementet

| Dykkar ref. | Vår ref./Sakshandsamar | Arkivkode: | Dato: |
|-------------|-------------------------------------|--------------------|------------|
| | 12/836-16/16/10221/Andreas Fløgstad | K1 - 601, K1 - 231 | 07.10.2016 |

Høyring om bruk av lærlingar ved offentlege anskaffingar - Uttale frå Sauda kommune

Me viser til brev av 16.8.2016 der Kunnskapsdepartementet ber aktuelle høyringsinstansar og uttale til forskrift om plikt til å stilla krav om bruk av lærlingar ved offentlege anskaffingar. Sauda kommune ønsker med dette å gje ei kortfatta uttale.

Kommunen stiller seg positiv til forslaget, som er godt i tråd med formål i lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Me meiner at krav til bruk av lærlingar er med på å styrka vilkår og konkurransevilkår for dei seriøse bedriftene, og det vil bidra til rekruttering til ein del bransjar som i dag manglar fagfolk. Samtidig er det viktig at små og nystarta bedrifter har mulighet til å etablere seg i marknaden, og gjennom gode og smidige løysingar raskt etablere lærlingeordning.

Ved auka bruk av lærlingar vil det isolert sett bli auka sysselsetting og positiv utvikling i næringslivet. Dette er eit svært viktig mål for lokal næringsutvikling. Ved at det blir viktigare for bedriftene å ha lærlingar vil ein også anta at det blir meir attraktivt å vera lærling.

Kommunen ser det som eit positivt og viktig grep at nasjonale myndigheter går foran og favoriserer bedrifter som tar inn lærlingar. Dette vil igjen styrka samarbeidet mellom kommune, næringsliv og skule på regionalt nivå.

Til sist vil me peika på at Sauda kommune ser dette tiltaket om eit grep i arbeidet for å unngå sosial dumping, heilt i tråd med kommunens eigne mål. Så seint som i september 2016 vedtok kommunestyret Sauda kommunes regelverk mot sosial dumping i byggeprosjekter der kommunen er byggherre. Me ønsker å samarbeida med, og gjera anskaffingar frå seriøse aktørar, og me trur på eit godt og tett samarbeid mellom oppdragsgjevar og leverandørar. Alle tiltak som understøtter dette bidrar til rett utvikling, og Sauda kommune og ønsker kravet til bruk av lærlingar velkommen.

Uttalen er ikkje politisk behandla i Sauda kommune, men formannskapet slutta seg til brevet i møte 5. oktober 2016.

Med helsing
Sauda kommune

Andreas Fløgstad
Kommunalsjef utvikling og stab